



Lambasleppet var eit klokt rekruttringstiltak

Festivalen veks i omfang kvart år og i ettermiddag har vi opplevd ein ny og spennande tilvekst - Lambasleppet. Unge og lovande artistar mellom 17 og 25 år fekk presentera sitt talent og det skjedde på ein ny arena - i båthamna. Det kan umiddelbart slåast fast at den fungerte perfekt for føremålet og kan fungera som ein B-arena framover. Det store grøntområdet er som laga for slike arrangementer, og teltet er eit viktig fyrste steg som spelar saman med det grøne. Flyttinga av den avsluttande konserten ned frå fjellet streker under at dette er eit riktig trekk.

Men korleis tedde så dei unge artistane seg i denne nye arena?  
Eit ord er mest dekkande: **LOVANDE**

At distriktet har mange og gode unge musikarar viste vi sjølvst, men vi er gledeleg overraska over at det verkeleg er så mange og ikkje minst over at dei spelar på så mange strengar - bokstaveleg tala. Arrangøren nyttar orda kulturbeite og nysatsing og begge er like dekkjande. Det er ikkje minst viktig at Festivalen på denne måten vert nytta som ein katalysator og inspirator for å heva nivået musikalsk sett.

Vi fekk høyra alt frå elektronika til hardrock og det er ingen tvil om at det gror godt i det meste av distriktet, Dette må bli eit årleg tilbod under Festivalen. Arrangementet vil på dette viset også gje noko tilbak til lokalmiljøet.

Av musikarane kjem fleire frå Kvinnherad men vi merkar oss at det også gror godt i Odda. Nokon form for rangering etter lambasleppet finn vi det ikkje rett å gå inn i.

Tekst, foto og nett. ola Matti Mathisen